

Vassdammen skal vekk!

05.10.2016



På denne strekningen har det ofte samla seg ein vassdam.

På regnversdagar har det samla seg ein svær vassdam på eine sida av hovudvegen i nærleiken av avkøyrsla til Beinavikjo. Dette har vore eit problem både for bilistar og mjuke trafikantar. Dette skal det no verta slutt på. I dag er det starta på eit reparasjonsarbeid som skal resultera i at ein vert kvitt denne vassamlinga.



[Robert Sundal i gang med reparasjonsarbeidet.](#)

I føremiddag var arbeidet i gang med å skjera ut to mindre felt i asfalten. Robert Sundal som stod for arbeidet, fortalde at ein no skulle grava seg ned og få kontakt med to kummar som var plassert der, og så skulle ein forhåpentlegvis verta kvitt vatnet. Sundal er tilsett hos Dimmelsvik Entreprenør, og dei er leigt inn av Mesta for å utføra oppdraget.

Naboar fortel at dei har opplevd å få vassspruten heilt opp på terrassen når trailerar har passert i stor fart. For gåande og andre mjuke trafikantar har plassen vore problematisk. Sjølv om ein god del køyrande tar omsyn og sakkar på farten, er det altfor mange som passerer i stor fart så vassspruten står.

No skal det heldigvis verta orden på problemet, og det er svært viktig at det vert gjort no før kulden kjem, og det frys til.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland